



Masfjorden kommune

Tilleggsinnkalling av Formannskapet

Møtedato: 20.10.2015
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 12:30

Eventuelle forfall må meldast til Maud Sleire Holmaas per tlf. 56166216, sms til 91572395 eller per epost til maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

126/2015	Kommunestrukturprosess. Intensjonsavtale mellom Gulen, Solund og Masfjorden kommunar	s. 1
127/2015	Nytt utval - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre	s. 11

16. oktober 2015

Karstein Totland, ordførar
møteleiar

Maud Sleire Holmaas
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 024, FE - 002	15/782

Saknr	Utval	Type	Dato
126/2015	Formannskapet	PS	20.10.2015
	Kommunestyret	PS	

Kommunestrukturprosess. Intensjonsavtale mellom Gulen, Solund og Masfjorden kommunar

32T

Intensjonsavtale

Vedlegg 1 til in

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak. Intensjonsavtale etter forhandlingane mellom kommunane vert lagt fram for styringsgruppa for kommunereformarbeid i kommunen, som evt. innstiller overfor Kommunestyret

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Nokre sentrale vedtak og bakgrunn for saka er

KS - 005/2015 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune går i reelle drøftingar med sikte på å etablere ein ny kommune, saman med aktuelle nabokommunar/andre kommunar i regionen som er interessert i dette.

Saknr	Utval	Type	Dato
038/2015	Formannskapet	PS	19.03.2015

1. **Masfjorden kommune oppnemner følgjande forhandlingsutval i det vidare arbeid med kommunestruktur**
 - **Ordførar Karstein Totland**
 - **Varaordførar Marit Steinestø**
 - **Formannskapsmedlem frå det største opposisjonspartiet Arthur Sjursen**
2. **Det vert arbeid vidare med utgreiing av alternativa**
 1. Nordhordland (alle eller deler av noverande kommunar i regionen)
 2. Gulen – (Høyanger sør – Modalen - Solund)
 3. alternativt halde fram som eigen kommune

Litt frå sist styringsgruppemøte for kommunereformarbeidet (29.september '15), og oppsummering av dei 3 utgreiingsalternativa

ute av vidare drøfta, og Status Nordhordlandsalternativet – no med Osterøy, Meland og Radøy dette alternativet. Intensjonsavtale Nordhordland vert forhandla 6.november og ein del uavklart i dette alternativet. Situasjonen Masfjorden held fram med vidare utgreiing av dette alternativet.

Status i utgreiingsalternativet Gulen – Solund og Masfjorden (GSM), og førebels utkast til Intensjonsavtale GSM – nytt møte allereie 30.sept., gjennomgang av avtaleutkast og synspunkt løpande, lengre drøfting av innhaldet i intensjonsavtalen – førte ikkje til konkrete endringsframlegg og mandat forhandlingsutvalet.

MODALEN må inviterast til dialog m/Masfjorden – allereie gjort av ordførar Styringsgruppa drøfta utgreiingsalternativa inkl. å halde fram som eigen kommune, og var opptatt av å få ei konsekvensvurdering – etter mal [KMD veien_mot_en_ny_kommune.pdf](#)

1. Tilstrekkelig kapasitet	6. Valgfrihet
2. Relevant kompetanse	7. Funksjonelle samfunnsutviklingsområder
3. Tilstrekkelig distanse	8. Høy politisk deltakelse
4. Effektiv tjenesteproduksjon	9. Lokal politisk styring
5. Økonomisk soliditet	10. Lokal identitet

Vurdering/fakta

Denne saka tek føre seg resultatet av arbeidet som så langt har vore gjort i høve utgreiingsalternativet **2. Gulen – (Høyanger sør – Modalen - Solund) GSM**.

Det er i hovudsak Gulen, Solund og Masfjorden som har delteke i utgreiinga/forhandlingane. Det har vore gjennomført 1 samtale med Høyanger kommune (april 2015). Modalen kommune har vore med på 1 møte i forhandlingsutvalet (juni 2015), då som observatør.

Det samla forhandlingsutvalet mellom kommunane har hatt 5 møter.

Utanom dette har rådmennene i dei 3 kommunane hatt 4 arbeidsmøter.

Det ligg no føre ein framforhandla intensjonsavtale som kommunestyra i dei 3 kommunane vert beden om å ta stilling til.

Intensjonsavtalen tek for seg hovudprinsippa for korleis ein tenker å bygge ein ny kommune.

Avtalen må sjåast på som eit grovt rammeverk som grunnlag for det vidare arbeidet

med å danne ein ny kommune. Avtalen har eit eige vedlegg som skisserer inndeling av oppgåver utifrå art.

Saka vert no lagt fram for det avtroppande kommunestyret. Avtroppande kommunestyre har fylgd saka sidan hausten 2014 og vil kunne gje råd som dannar eit godt grunnlag for nytt kommunestyre sine vurdering i saka på eit seinare tidspunkt.

Representant for dei tillitsvalde frå Masfjorden har følgt og deltatt i store deler av prosessen fram til intensjonsavtale GSM.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at Masfjorden kommune går vidare i arbeidet med å vurdere samanslåing med nabokommunane. Det vert overlate til politisk nivå å utforme vedtak på bakgrunn av dei vurderingar og råd dei ynskjer å bringe vidare til det nye kommunestyret og det nye forhandlingsutvalet.

Intensjonsavtale – kommunesamanslåing mellom Masfjorden, Gulen, og Solund kommunar.

Vedteke i Masfjorden (xx.xx.2015), Gulen (xx.xx.2015) og Solund (xx.xx.2015) kommunestyre.

Innleiing

Gulen, Solund og Masfjorden kommunar (GSM) med evt. fleire nabokommunar tek sikte på å slå seg saman til ein kommune frå 01.01.2020. Det er kommunestyra i kommunane som vedtek om kommunane skal slå seg saman eller ikkje. Det vert gjennomført folkehøyring i kommunane i tråd med intensjonane i Inndelingslova, den einskilde kommunen avgjer om dette skal gjennomførast som folkeavrøysting eller på anna vis.

Måla for reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er bærekraftige og økonomisk robuste, og eit styrka lokaldemokrati.

1. Mål for samanslåinga

Vi er samde om at hovudmålet med samanslåinga er å:

Skape ein vekstkraftig og attraktiv ny kommune

Delmåla er å:

- Skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle delar av kommunen
- Sikre likeverdige kommunale tenester med høg kvalitet der folk bur
- Ivareta folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon

2. Betre tenester

Vi er samde om å ha kostnadseffektive tenester ut frå tilgjengelege økonomiske ressursar. Vi skal:

- Vere ein utviklande og attraktiv arbeidsplass
- Vere ein aktiv samfunns- og næringsutviklar og etablere møteplassar, partnerskap og samhandling
- Medverke til at innbyggjarane får god kvardagsorganisering
- Legge til rette for auka tilgjenge på digitale tenester
- Organisere fyrstelinetenester slik at innbyggjarane får tenester (som skular, sjukeheimar, helse, barnehagar og kulturtilbod) i regionen der dei bur
 - Struktur på tenestene skal ligge fast dei 5 første åra (naturleg krinsregulering kan skje)
 - Ved strukturendring skal så langt det let seg gjere ivareta grunnleggande kriterier / normtal for t.d. anbefalt reisetid
 - Skulestrukturen bør vere slik at reisetid til skule ikkje er meir enn 1 time kvar veg.

3. Nye oppgåver

Vi skal rigge tenestetilbodet i den nye kommunen slik at vi organiserer oss på eit effektivt og fagleg forsvarleg nivå. Det inneber at kommunen i det einskilde høve gjer ei vurdering av om ein etablerer / organiserer eigen teneste eller om ein legg opp til å kjøpe tenester organisert av ein større nabokommune.

4. Kommunesenter

Vi er samde om at vi skal oppretthalde dei sentera som er i dei tidlegare kommunane og utvikle desse med kommunale tenester og arbeidsplassar. Dette er gjennomarbeidd i vedlegg 1. Det nye kommunehuset skal seinast innan 2025 vere klart og er lagt til Hosteland. Dersom det vert naudsynt med ei anna organisering i ein overgangsfase vert det tatt utgangspunkt i ei administrativ organisering innanfor dei tre kommunehusa som er i dagens kommunar. I tida frå 1.1.2020 fram til kommunehuset på Hosteland er klart, er vi samde om at ordførar og rådmann skal ha kontor i Eivindvik.

Vi er samde om det nye kommunehuset skal som minimum ha dei funksjonar som går fram av vedlegg 1.

Vi legg til grunn at dette på sikt vil tene alle deler av den nye kommunen.

5. Kommunenamn og kommunevåpen

Den nye kommunen får namnet Gulating. Den nye kommunen får nytt kommunevåpen, utforma med utgangspunkt i kommunevåpna kommunane har i dag.

6. Prinsipp for styring og organisering

Vi er samde om at den nye kommunen skal ha formannskapsmodellen etter Kl. § 8 som styringsform

Tal folkevalde

Kommunestyret skal ha 29 medlemmar

Formannskapet skal ha 7 medlemmar.

Den nye kommunen skal organiserast med 3 hovudutval og gjennomgåande representasjon.

Administrativt og fagleg

Vi er samde om å :

Etablere éin administrasjon med desentraliserte kommunehusfunksjonar, servicetorg og samfunnskontakt.

Dei eksisterande kommunale oppgåvene vert inndelte i fire kategoriar (jf. vedlegg 1):

- Oppgåver og tenester som skal løysast/gjevast der dei no er lokaliserte
- Klare kommunehusoppgåver i den nye kommunen
- Oppgåver som kan lokaliserast utanfor kommunehuset/kommunesenteret, men som skal ytast lokalt
- Oppgåver som kan ligge utanfor kommunehuset/kommunesenteret

Ut frå forhandlingar har vi vorte samde om fylgjande fordelingar av oppgåver i dei tre opphavlege kommunane:

Til dagens Masfjorden kommune skal ein legge klare kommunehustenester knytt til kolonne 2 i vedlegg 1 (oppgåver som i hovudsak skal løysast på kommunehuset). I tillegg skal tenester knytt til økonomi og kultur, som er definert i kolonne 2 og 3 i vedlegg 1 leggast til Masfjorden.

Til dagens Gulen kommune skal ein legge tenester knytt til helse/barnevern/PPT/PU og tekniske tenester, som er definert i kolonne 2 og 3 i vedlegg 1.

Vi meiner at ei slik fordeling vil sikre ei så rettferdig fordeling av arbeidsplassar og tenester som mogleg, og vil bidra til å sikre at ingen av dei tidlegare kommunesentera i Gulen og Masfjorden vert heilt utan kommunale arbeidsplassar og tenester.

Når det gjeld dagens Solund kommune så er vi samde om fylgjande:

Ved samanslåing vil alle tilsette få tilbod om stilling i den nye kommunen, for tilsette i Solund vil ein få tilbod om stilling der ein i hovudsak har sin arbeidskvardag i Solund.

Ein vil i størst mogleg grad freiste å oppretthalde høvesvis tal stillingar i Solund. Dette vil skje ved å trekke ut delar av funksjonar som kan byggje opp fagmiljø i Solund. Grunna reiseavstand som hindrar dagpendling, skal det i tillegg leggast til rette for at søkarar til stillingar i den nye kommunen, som ynskjer å bu i Solund, skal få moglegheit til å få kontor i Solund og knyte seg opp mot resten av sitt fagmiljø med teknologi og ein kombinasjon av arbeidsdagar på hovudkontoret og arbeid på distanse.

7. Interkommunale selskap og samarbeid

Vi er samde om at Fellesnemnda (FN, jf. inndelingslova §26) skal gå igjennom samarbeidet med andre kommunar (som ikkje vert del av den nye kommunen) for å endre vedtekter, kostnadsdeling m.m og / eller avvikle / melde oss ut av samarbeidet.

8. Økonomi

Vi skal orientere kvarandre om investeringar og økonomiplanar slik dei ligg i vedteken økonomiplan.

Harmonisering av eigedomsskatt

Reglane for eigedomsskatt i den nye kommunen skal harmoniserast. Ein er samde om at eigedomsskatten skal vere 7 promille på verk og bruk og 2 promille på hus og hytter. Det er ei målsetjing at 10% av eigedomsskatteinntektene skal setjast av til eit investeringsfond/næringsfond. Det er ei målsetjing at eigedomsskatt på hus og hytter på lang sikt skal nedtrappast, dersom den nye kommunen har økonomisk handlingsrom til det.

Gjeld og formue

Oversyn over kommunane si gjeld og formue ligg i dei respektive årsrekneskap, kommunane er samde om å infomere kvarandre om utviklinga. Første gong gjeld dette for budsjettåret 2016.

Konsesjonskraft

Dei konsesjonskraftinntekter den nye kommunen vil få frigjort vil ein nytte til samferdsleformål. I første omgang vil dette gjelde Masfjordsambandet, deretter vil det gjelde vegen frå Rutledal til Andås (fv. 57/570).

Større investeringar

I åra fram til ei samanslåing skal vi orientere kvarandre gjennom styringsgruppa om aktuelle investeringsprosjekt som kommunane arbeider med. Dette gjeld prosjekt med ei kostnadsramme over kr. 1 mill., og før prosjekta ev. er vedtatt av kommunestyret. Første gong gjeld dette for budsjettåret 2016.

9. Samordning av planverk

Vi skal orientere kvarandre om kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel. Kvar kommune skal peike ut sine viktigaste tiltak, slik at dei andre kommunane får innsyn i dei innan 01.01.2016.

Vi er samde om at alle juridisk bindande planar vert overført til den nye kommunen og gjort gjeldande. Planane vert samla og gjennomgått i tida fram til den nye kommunen er formelt skipa.

10. Arbeidsgjevpolitik

Vi er samde om å vidareføre ein god arbeidsgjevpolitik som bidreg til å utvikle arbeidstakarane i den nye kommunen på ein slik måte at alle har meningsfylte arbeidsoppgåver. Ved behov, vil den nye kommunen oppfordre til etter- og vidareutdanning og legge til rette for dette, slik at den nye kommunen til ei kvar tid er på høgde med den kompetansen det er behov for.

Den nye kommunen gjev tilsetjingsgaranti for samtlege stillingar i dei gamle kommunane, slik den einskilde har i si stilling på samanslåingstidspunktet, arbeidet vil verte organisert slik at ingen vert overtallege, og vert gjeve tilbod om stilling innan rimeleg reisetid.

Den nye kommunen er medlem i KS, dette tilseier at den til ei kvar tid gjeldande hovudtariffavtale inngår som avtaleverk i den nye kommunen, herunder også pensjonsordning i KLP og SPK.

Alle rettar i høve til lov og avtaleverk overførast til den nye kommunen.

Løna vert harmonisert frå dag 1, på eit måte slik at ingen går ned i løn.

Alle særavtalar skal vurderast i forhold til hovudavtalen og hovudtariffavtalen.

11. Transport og kommunikasjon

Den nye kommunen skal utvikle effektiv infrastruktur internt i kommunen og ut mot dei større regionsentra. Det inneber at kommunen dei første åra som ny kommune skal ha fokus på fylgjande infrastrukturprosjekt:

t.d (fastsettast av forhandlingsutvalet)

- Masfjordsambandet (fv.570 og Duesund – Masfjordnes)
- Betre vegstandard Fv 57 (flaskehals / gule stripe)
- Bru over Ytre Steinsund og auka kapasitet/fart på ferje til Solund
- Rutegåande transport på land og sjø må samordnast innad i den nye kommunen

12. Kultur

Gulatinget forvaltar ein arv som er av politisk, rettshistorisk, forsvarshistorisk, og kulturhistorisk verdi. Den nye kommunen vil lyfte fram og formidle historia om Gulatinget, og med det syne dei verdiane Gulatinget representerte.

13. Fylkestilhøyrse

Det er ynskjeleg at det vert etablert ein Vestlandsregion, og at fylkesgrensene vert viska ut. Dersom dette ikkje skjer så er ein er samd om at den nye kommunen skal høyre til Hordaland fylke. Det er viktig at den nye kommune arbeider for at innbyggjarane får dra nytte av tenester som vidaregåande skule også i Sogn og Fjordane fylke.

14. Informasjon / vegen til ein ny kommune

I det vidare arbeidet vil kommunane legge til grunn dei retningsliner som vert anbefalt av KS og departement.

Kommunane skal ha ein aktiv informasjonsstrategi der det skal leggest vekt på innbyggjarinvolvering, aktiv bruk av kommunane sine heimesider, evt. utvikle felles facebook side.

VEDLEGG 1

Lokalisering av tenester og arbeidsoppgåver i ein ny «GSM-kommune»

Opplistinga nedanfor er ei oversikt over korleis prosjektgruppa i GSM (rådmennene) ser føre seg at arbeidsoppgåver i prinsippet kan fordelast, dvs dette er den ramma prosjektgruppa tilrår at det vert forhandla innanfor i arbeidet med intensjonsavtalen for ein evt. «GSM-kommune».

Prosjektgruppa vil i tillegg understreke at arbeidsfordelinga i ein ny kommune også må vere kostnadseffektiv og ta omsyn til dei tilsette sine arbeidsvilkår.

Kolonne 1	Kolonne 2	Kolonne 3	Kolonne 4
Oppgåver som skal ligge fast der dei er plasserte i dag	Oppgåver som i hovudsak skal løysast på kommunehuset	Oppgåver som kan lokaliserast utanfor kommunehuset/ kommunesenteret, men som skal ytast lokalt	Oppgåver som kan lokaliserast utanfor kommunehuset/ kommunesenteret
Eksempel	Eksempel	Eksempel	Eksempel
	Ordførar		
	Rådmann		
	Økonomisjef		Økonomitenester
	Personalsjef		
	Arkiv	Barnevern	
	Informasjonsteneste		Sentralbordteneste
		PPT	
		NAV-kontor	
Skular	Oppvekstsjef		
Barnehagar			
	Plan- og utviklingssjef		Byggsak, Oppmåling Planavdeling Næringsutvikling Landbruk
Teknisk drift		Brann og beredskapsadm. Beredskapstenesta	
Reinhald			
			Bygg- og eigedom
		Helsestasjon Folkehelse Tannhelse	
		Lege	Kommuneoverlege
		Fysio-/Ergoterapi	Tilsynslege sjukeheim
	Helse- og omsorgssjef		
Sjukeheim			

Omsorgsbustader			
Heimetenester			
			Spesialiserte helsetenester
		Bu- og miljøtenester	
		Demensomsorg (dag og døgntilbod)	Kjøkenester
			Vaskeritenester
Flyktningkonsulent			
		Kulturskuletenester	Kulturskuleadm.
	Kultur- administrasjon? - Organisering må avklarast i framtidig kommune.	Frivilligsentral	
Bibliotek			
Servicekontor			

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE - 033	15/852

Saknr	Utval	Type	Dato
127/2015	Formannskapet	PS	20.10.2015

Nytt utval - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre

32T

Reglement for Masfjorden eldreråd

Brev_kommunestyre

Informasjonsskriv frå Barne- og ungdoms og familiedirektoratet

Kommunale råd for funksjonshemmede i Hordaland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram som drøftingssak

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd (eldrerådslova) § 1 slår fast at det i kvar kommune skal vere eit eldreråd som skal veljast av kommunestyre for heile valbolken. Kommunestyret avgjer kor mange medlemmer eldrerådet skal ha.

Pensjonistforeiningane i kommunen har rett til å kome med framlegg om medlemmer til eldrerådet. Fleirtalet av rådsmedlemmene skal vere alderspensjonistar, jf § 2. Rådet peikar sjølv ut leirar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane.

Eldrerådet er ei lovpålagt nemnd og blir etter kommunelova § 10 rekna som eit fast utval. Det er reglane for val av nemnder som gjeld for dette utvalet.

Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m § 2 står det at kommunane skal opprette råd eller anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne.

Ved oppnemning av representantar for menneske med nedsett funksjonsevne i kommunen skal organisasjonane deira ha forlagsrett jf § 6. Oppnemning av medlemmer i rådet skal gjelde for heile valperioden. Leirar og nestleiar for rådet blir oppnemnd av kommunestyre.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er ei lovpålagt kommunal nemnd og blir etter kommunelova § 10 rekna som eit fast utval. Det er reglane om val av nemnder som gjeld for dette utvalet.

I lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd § 4 a står det:

Kommunane kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Kommunestyra vedtek mandatet for og samansetjinga av råda. Ved val av representantar for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal organisasjonane deira ha rett til å kome med framlegg. Leiaren og nestleiaren for rådet blir oppnemnde av kommunestyret. Elles gjeld reglane i denne lova og lov 17.juni 2005 nr 58 om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. så langt dei høver.

I lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonseven m.m. §§ 3 og 4 står det:

Fleire kommunar kan vedta å opprette felles råd eller ei anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne.

Kommunane kan vedta å opprette felles råd eller ei anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre.

Fakta

Begge lovverka nemnd over gjev kommunane høve til å vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Valnemnda for valbolken 2011 – 2015 drøfta dette og rådde i frå at dette vart gjort i Masfjorden kommune. Dei rådde i staden for å slå saman Brukarutvalet med Råd for menneske med nedsett funksjonseven.

Brukarutvalet vart i k-sak 31/12 den 27.04.2012 vedteke lagt ned.

Medlemmer i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne for valbolken 2011 – 2015 vart først vald som k-sak 059/12 den 21.06.2012. Rådet vart bygd opp over same lest som eldrerådet med fem medlemmer der tre er oppnemnd av organisasjonane og to er oppnemnd av kommunestyret. Samansetninga av rådet vart slik at fleirtalet av medlemmene er foreldre til barn / unge med nedsett funksjonsevne + helsesøster som har sitt daglege hovudfokus på barn og unge.

Rådet har i valbolken me legg bak oss hatt eit konstituerande møte og eit ordinært møte i året der sakslista har vore slik:

- Godkjenning av innkalling og saksliste
- Godkjenning av møtebok
- Referatsak

Eldrerådet har hatt mellom to og tre møter i året der eine møte i stor grad har omhandla planlegging av eldredagen.

Dei siste to åra har same person i rådmannen sin stab hatt sekretærfunksjon i begge råda. Det er viktig å merke seg at det ligg ikkje til sekretærfunksjonen å finne eigna saker til råda.

Det er utarbeidd eige reglement for Masfjorden eldreråd. Dette er ikkje gjort for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Uttale

Vedlagt brev frå pensjonistforbundet rår på generelt grunnlag i frå å slå saman eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Vurdering

Rådmannen bad i 2011 valnemnda om å vurdere å slå saman eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne utan at det vart lagt fram saksutgreiing for dette. Valnemnda kom då til at ein ville slå råd for menneske med nedsett funksjonsevne saman med brukarutvalet. Før dette siste rådet vart oppretta, vart brukarutvalet lagt ned.

Rådmannen meiner difor det er grunnlag for å ta saka opp ein gong til og ønskjer at formannskapet diskuterer tema før saka går til komande valnemnd.

Rådmannen ser at det var ei utfordring å finne medlemmer som representerte heile spekteret av menneske med nedsett funksjonsevne i alle aldrar i Masfjorden kommune. Rådet har difor hatt ein relativt snevert formell representasjon der barn og unge med nedsett funksjonsevne har dominert representasjonen. Skal dette rådet fungere etter lovteksten, må det settast saman mykje breiare; alle aldersgrupper må vere representert saman med ulike funksjonsnedsettingar.

Skal rådet fungere etter lovteksten, må det og få tildelt oppgåver å jobbe med. Dette siste er primært rådmannen sitt ansvar, men politikarane kan og etterspør uttale frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne i saker der formannskapet / kommunestyret har avgjerdsmynde og meiner at rådet sin uttale hadde vore relevant for saka før vedtak vart fatta.

Eldrerådet har hatt litt fleire saker å jobbe med enn råd for menneske med nedsett funksjonsevne, men ein skilde møter har – etter rådmannen si meining - dreia meir mot å vere ein møteplass enn å vere eit rådgjevande organ. Skal eldrerådet fungere etter lovteksten, må det få fleire relevante saker å jobbe med. Dette er primært rådmannen sitt ansvar, men politikarane kan og her etterspørje eldrerådet sin uttale.

Det vil vere kryssingspunkt mellom saker til eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Dei mest openberre er årsbudsjett, økonomiplan og kommuneplan. Dette er gjerne saker det administrativt vert jobba med heilt fram til saka vert sett på sakskartet til formannskapet. Frå formannskapsmøte til vedtak vert fatta i kommunestyre kan det vert knapt med tid til å halde møter i både eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Andre kryssingspunkt er unge vaksne med nedsett funksjonsevne som må bu på sjukeheimen. Kven av råda representerer desse personane. Det same gjeld eldre bebuarar på sjukeheimen med nedsett hørsel. Er det eldrerådet eller råd for menneske med nedsett funksjonsevne som representerer desse.

Konklusjon

Rådmannen ønskjer at formannskapet diskuterer om det er tenleg å halde på eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne som to sjølvstendige utval slik det fungerer i dag, eller om det er meir tenleg å slå desse råda i saman. Ved siste alternativ må det lagast retningsliner / vedtekter for det nye utvalet før ein vel medlemmer i kommunestyret i desember. Held ein fast på ordninga ein har i dag, bør det lagast retningsliner / vedtekter for råd for menneske med nedsett funksjonsevne før ein vel medlemmer.

Reglement for Masfjorden eldreråd

§ 1 Val og samansetjing

Kommunestyret oppnemner eldrerådet. Rådet skal ha 5 medlemmer med varamedlemmer. Fleirtalet av medlemmer (3) skal vera alderspensjonistar.

Ordførar skal vere medlem i eldrerådet, varaordførar er stedfortredar for ordførar. I tillegg vel kommunestyret ein representant mellom dei faste medlemmene i kommunestyret.

Pensjonistlaga har rett til å koma med framlegg om ein representant/vararepresentant frå kvart lag.

Rådet vel sjølv leiar og nestleiar. Desse skal veljast mellom pensjonistlaga.

Val av eldreråd fylgjer kommunestyrevalperioden.

§ 2 Oppgåver

Eldrerådet er eit rådgjevande organ og skal ha alle saker som gjeld levekår til dei eldre til uttale før endeleg vedtak vert fatta.

Eldrerådet skal m.a. ha fylgjande saker til uttale;

- Årsbudsjett
- Økonomiplan
- Kommuneplan
- Sektorplanar som handlingsplan for eldre, psykiatriplan, reguleringsplanar o.a som berører eldre sine interesser.

Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som gjeld dei eldre i kommunen.

Eldrerådet skal kvart år utarbeide årsmelding. Denne skal leggjast fram for kommunestyret.

§ 3 Saksføreaving

Alle saksdokument med vedlegg skal leggjast fram for eldrerådet før kommunestyret tek avgjerd i sakene. Det same gjeld når formannskapet eller andre organ fattar vedtak på grunnlag av delegert mynde frå kommunestyret.

Sakene skal oversendast rådet i så god tid på førehand at sekretariatet kan førebu sakene før dei vert lagt fram for eldrerådet.

Det skal førast referat for eldrerådet. Referatet skal fylgje sakene vidare til dei organ som tek endeleg avgjerd i saka.

Reglane i kommunelova om kommunale nemnder gjeld tilsvarande for verksemda i eldrerådet, så langt ikkje anna går fram av særlov om eldreråd.

Medlemmene i eldrerådet og sekretariatet har teieplikt jmf. forvaltningslova §§13 og 13 a-f.

Eit fleirtal av medlemmene i rådet kan be om at det vert kalla inn til møte i einskildsaker.

Leiar for eldrerådet eller sekretær kan kalle inn andre representantar for administrasjonen for utfyllande informasjon i einskildsaker.

Leiar kan etter avtale med ordførar/kommunestyre, gjevast møte/talerett i kommunestyret på dei saker som gjeld eldre og eldre sin livssituasjon.

§ 4 Sekretariat

Rådmannen eller den han gjev mynde til det, fungerer som sekretær for rådet. Sekretær bør oppnemnst blant tilsette i sentraladministrasjonen eller rådmannen sin stab.

Sekretæren fører møteboka og har ansvar for at sakene er førebudd før dei vert lagt fram for eldrerådet. Sekretæren har tale og framleggsrett.

Det påligg sekretariatet i samråd med leiaren å syta for at saker som gjeld levekåra for eldre vert lagt fram for eldrerådet.

Leiar underteiknar referatet.

Eldrerådet har i møte den 23. 10.00, rådd til at kommunestyret vedtek ovanstående reglement for Masfjorden eldreråd.

Vedteke i kommunestyret .../.....00

Til alle fylkesting og kommunestyre

Vår dato:
15.10.2015

Eldre og funksjonshemmede er best tjent med hvert sitt råd

Eldrerådsloven og *Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.*, ble vedtatt for å sikre eldre og funksjonshemmede økt innflytelse og begrunnet med at begge grupper er underrepresentert i folkevalgte organer. Resultatet fra valget i høst bekrefter at det fortsatt er behov for eldreråd og råd for personer med funksjonsnedsettelse i alle fylker og kommuner.

Vår erfaring er at eldre og personer med nedsatt funksjonsevne er best tjent med hvert sitt råd, fordi hver enkelt gruppes innflytelse svekkes om deres råd slås sammen. Pensjonistforbundet, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) og Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) ønsker derfor å minne alle nyvalgte kommunestyre og fylkesting om at å slå sammen eldreråd og råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne, kun kan skje om organisasjoner som representerer dem samtykker.

Hvis enten eldres organisasjoner eller organisasjoner som representerer mennesker med nedsatt funksjonsevne ikke ønsker et felles råd, oppfylles ikke formålet med eldrerådsloven og *Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.* Felles råd bør kun velges i spesielle tilfeller. Det fremgår av (daværende) Arbeids- og inkluderingsdepartementets rundskriv A-32/2007:

«Kommunen og/ eller fylkeskommunen kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

Skal ei representasjonsordning fungere godt, må ho ha legitimitet. Dersom menneske med nedsett funksjonsevne og eldre ikkje opplever å ha sterke nok felles interesser og dermed ikkje vil medverke til eit felles råd, så vil ikkje eit felles råd oppfylle formålet med lova. Departementet ser det som avgjerande for ordninga at både organisasjonane, etablerte frivillige råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldreråda vert høyrde før kommunen/fylkeskommunen tek stilling til kva for representasjonsordning dei skal ha.

Saksområdet for eit eventuelt felles råd vil være saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne og alle saker som gjeld levekåra for eldre. Departementet viser til [rundskriv A-28/07](#) for omtale av saksområdet for råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Departementet meiner at felles råd berre bør veljast i særskilde høve.»

Pensjonistforbundet, FFO og SAFO oppfordrer alle kommunestyre og fylkesting til å ikke opprette felles råd for eldre og personer med nedsatt funksjonsevne. Kommunestyre og fylkesting som likevel vurderer felles råd, må involvere eldres og funksjonshemmedes organisasjoner og kun vedta felles råd om begge grupper organisasjoner samtykker.

Eldreråd og råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne er lovpålagte organer hjemlet i to ulike lover. Vi har vært i kontakt med direktør Helge Eide i KS om verdien av å ha separate råd for eldre og personer med funksjonsnedsettelse, både for gruppene de representerer og for kommunestyrene og fylkestingene. Vi anmoder alle som opplever lokale uenigheter om forståelse av lovene om å kontakte KS i fylket og våre organisasjoner for å få hjelp.

Vennlig hilsen

Jan Davidsen
Pensjonistforbundet

Knut Magne Ellingsen /s
FFO

Arne Lein /s
SAFO



Alle landets kommuner og fylkeskommuner

Deres ref:

Vår ref: 2013/71563-12

Arkivkode: 720

Dato: 14.01.2015

Oppnevning av nye råd for personer med nedsatt funksjonsevne høsten 2015

Barne-, ungdoms, og familiedirektoratet (Bufdir) har ansvar for å følge opp lov om råd eller annen representasjonsordning i kommuner og fylkeskommuner for menneske med nedsatt funksjonsevne, og gi informasjon og veiledning om rådernes arbeid.

Vedlagte informasjonsskriv er rettet mot ordfører/fylkesordfører, rådmann/fylkesrådmann og saksbehandlere. Vi ber om at følgebrevet og informasjonsskrivet også videresendes til rådet for personer med nedsatt funksjonsevne i kommunen/fylkeskommunen.

Høsten 2015 er det valg. Alle kommuner og fylkeskommuner skal da oppnevne nye råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne. Det er viktig at rådene kommer raskt på plass, at de får god opplæring og at de får nødvendige rammer for sitt virke.

Bufdir ønsker med vedlagte informasjonsskriv å orientere om den lovpålagte prosessen kommunene og fylkeskommunene må gjennom for å etablere rådene.

- Organisasjonene har forslagsrett ved oppnevning av nye rådsmedlemmer.
- Kommuneadministrasjonen og ansatte i fylkeskommunene anbefales ikke å være representert i rådene.
- Kommuner/fylkeskommuner bør passe på god aldersfordeling.
- Rådet bør få eget budsjett.
- Kommunestyret/fylkestinget vedtar mandat for rådet.
- Rådet trenger tilstrekkelige sekretærressurser fra kommunen/fylkeskommunen.
- Kommunen/fylkeskommunen må sørge for at rådet får nødvendig opplæring, gjerne gjennom deltakelse i folkevalgtopplæringen.

Vi viser forøvrig til rundskriv om [representasjonsordningen for mennesker med nedsatt funksjonsevne](#)

og vår temaside «[Råd for personer med nedsatt funksjonsevne](#)» .

Med hilsen

Mari Trommald (e.f)
direktør

Anna Bjørshol
avdelingsdirektør

Vedlegg: Kommunenes/fylkeskommunenes ansvar og oppgaver for rådet for personer med nedsatt funksjonsevne

Kopi: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
FFO
SAFO
KS

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikke håndskrevet signatur.

Kommunens og fylkeskommunens ansvar og oppgaver for rådet for personer med nedsatt funksjonsevne

Innledende kommentarer

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) har gitt Bufdir i oppdrag å følge opp lov om råd eller annen representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsatt funksjonsevne og gi informasjon og veiledning om rådernes arbeid. Som en oppfølging av loven har BLD utarbeidet [Rundskriv Q -21/2012](#).

Bufdir har utarbeidet dette informasjonsskrivet til kommuner, fylkeskommuner og rådene. Informasjonsskrivet gir anbefalinger på enkelte områder som er vesentlig for rådernes arbeid.

Lovpålagt ordning

Det er lovfestet at alle kommuner skal ha et råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne eller annen likeverdig representasjonsordning, se [§ 2 i Lov om råd eller annen representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsatt funksjonsevne m.m.](#)

Organisasjonene har forslagsrett ved oppnevning av nye rådsmedlemmer

Ved oppnevning av nye råd høsten 2015 skal kommunene og fylkeskommunene innhente forslag på kandidater fra funksjonshemmedes organisasjoner. Funksjonshemmedes organisasjoner har en lovfestet rett til å medvirke på dette stadiet i arbeidet med oppnevning av nytt råd, se [lovens § 6 siste setning](#). Det er derfor viktig å starte arbeidet i god tid (våren 2015) slik at nye råd kan oppnevnes kort tid etter valget i 2015. Det bør oppnevnes representanter fra ulike organisasjoner i rådet. Kommuner og fylkeskommuner bør derfor sørge for å be om kandidater med ulike organisasjonstilknytning ved innhenting av navn på kandidater.

Aldersfordeling

I gjennomsnitt er 1 % av medlemmene i kommunale råd under 25 år. Nærmere halvparten av medlemmene er over 60 år (NIBR 2013¹). Dette kan være uheldig når rådene også skal behandle spørsmål knyttet til barn og ungdom.

Det viktig at rådene gjenspeiler befolkningens alderssammensetning. Det gjør rådene mer representative, og det har betydning for hvilke saker rådene arbeider med. Bufdir oppfordrer kommuner og fylkeskommuner til å oppnevne flere unge medlemmer til rådene høsten 2015. Ved innhenting av forslag på nye rådsmedlemmer fra funksjonshemmedes organisasjoner bør organisasjonene også oppfordres til å sende inn navn på kandidater som er under 30år.

Unngå kommuneadministrasjonen og ansatte i fylkeskommunene i rådene

Ansatte i kommuneadministrasjonen/fylkeskommunen bør ikke sitte som rådsmedlemmer.

Rådsmedlemmer ansatt i administrasjonen, og som arbeider med saker som er sentrale for rådet, vil kunne bli inhabile. Drøfting av saker og samarbeid for øvrig bør heller skje når administrasjonen forbereder saker som vil bli tatt opp til behandling i kommunestyret/fylkestinget. (Se [avsnitt 3.1 Formelle krav i rundskriv Q 21-12](#), hvor blant annet nødvendigheten av å ta hensyn til kommuneloven § 40 nr. 3 bokstav b er omtalt).

Sekretærfunksjonen

Kommuner og fylkeskommuner er pliktet til å stille tilstrekkelig sekretærressurs til rådighet for rådene. Omtrent halvparten av kommunale råd har en sekretærfunksjon som utgjør under 10 % av et årsverk (NIBR 2013). Bufdir mener at en stillingsressurs på under 10 % er knapt. Sekretærressursen må være i samsvar med de oppgaver rådet skal utføre. Det er også viktig at sekretæren har god faglig kompetanse til å bistå rådet på ulike saksområder. [Rundskriv Q-21/2012](#) anbefaler at sekretærfunksjonen knyttes til rådmannskontoret. Plassering ved rådmannskontoret vil være en sentral plassering som kan øke rådernes mulighet til å være bredt orientert og ta opp saker fra alle saksområder.

Rådet har rett til å uttale seg før kommunestyre/fylkesting oppretter sekretariat.

Mandat/retningslinjer for kommunale råd for personer med nedsatt funksjonsevne

Den enkelte kommune/fylkeskommune skal utarbeide mandat/retningslinjer for rådet. Loven fastslår at kommunestyret vedtar mandat for kommunale råd og fylkestinget for fylkeskommunale råd.

Mandatet bør klargjøre:

- Overordnet målsetting for rådets arbeid.
- Hvilke instanser rådet skal rådgi, dvs. i første rekke kommune/fylkeskommune.
- Saksområdet for rådet og hvilke typer saker kommunen/fylkeskommunen skal legge fram for rådet.

¹ [NIBR-notat 2014: 101: Råd, regler og representasjon](#)- Eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne

- Ansvarlig for sekretariatsfunksjonen og hvilke oppgaver som skal utføres av sekretariatet.

Kommunestyre og fylkesting bør vurdere å ta inn rutiner og anbefalinger for samhandling mellom rådet og kommunen/fylkeskommunen i mandatet.

Budsjett

Alle kommuner og fylkeskommuner bør vedta eget budsjett for rådet. Med et eget årsbudsjett vil rådene i større grad kunne planlegge sin virksomhet og aktiviteter det enkelte år.

Rådet har rett til å uttale seg før kommunestyre/fylkesting vedtar rådets budsjett (se § 7 [Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.](#) hvor slike administrative forhold er omtalt). Det bør avsettes tilstrekkelig med midler slik at rådet kan utføre de oppgaver som er forutsatt i loven. Rådernes budsjett bør bl.a. inneholde poster for møtegodtgjøring, dekning av tapt arbeidsfortjeneste for rådsmedlemmer, arrangement/deltakelse på seminarer og post for opplæring av rådets medlemmer. Størrelsen på møtegodtgjørelse står kommunen/fylkeskommunen fritt til å fastsette.

Opplæring/kompetanse

Kommuner og fylkeskommuner bør sørge for å inkludere rådene i folkevalgtopplæringen. Folkevalgtopplæringen gir bl.a. innblikk i det politiske oppdraget, sammensetning av kommunale og fylkeskommunale organer, forholdet mellom folkevalgte og administrasjonen og kommunale og fylkeskommunale styringsinstrumenter. Rådsmedlemmene trenger også denne kunnskapen for å gi råd til kommuner og fylkeskommuner i saker som er viktig for personer med nedsatt funksjonsevne. Folkevalgtopplæringen foregår gjerne like etter kommune-/fylkestingsvalg, og det er derfor viktig at rådene oppnevnes raskt etter valget slik at de kan delta i opplæringen.

I tillegg trenger rådene kunnskap på ulike fagområder. F.eks. har Direktoratet for byggkvalitet utviklet et [opplæringsverktøy for medvirkning i universell utforming innenfor plan- og bygningslovens virkeområde](#) som kan egne seg for selvstudium når det gjelder rådernes arbeid på dette saksfeltet.

Hvilke saker kan rådene arbeide med?

Rådene bør i størst mulig grad ivareta hele bredden i sine rådgivingsoppgaver. Det betyr å uttale seg i saker innen blant annet:

- universell utforming, spesielt plansaker
- tjenester for personer med nedsatt funksjonsevne inkludert tjenester for mennesker med utviklingshemming
- arbeid mot diskriminering

Kommunen/fylkeskommunen må derfor sørge for at rådene får alle saker som kan ha betydning for personer med nedsatt funksjonsevne på et tidlig tidspunkt i saksbehandlingen.

Til kommunene i Hordaland

Bergen, 1.9.15

Det er som kjent kommunestyre og fylkestingsvalg i 2015 og vi ønsker i den forbindelse å minne om *Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m* og rundskriv Q-21/2012.

Rundskrivet gir Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) og Samarbeidsforumet av Funksjonshemmedes Organisasjoner (SAFO) forslagsrett til representanter til kommunale råd for funksjonshemmede. FFO Hordaland og SAFO Vest er paraplyorganisasjoner for over 70 lag og foreninger med til sammen over 30000 medlemmer i fylket, med brukerkompetanse på syn, hørsel, bevegelse, orientering og miljø.

Dersom ingen av medlemsorganisasjonene våre er representert lokalt eller kommunene ikke skulle klare å finne representanter til rådene, står vi gjerne til disposisjon, i tråd med retningslinjene i rundskrivet.

For å kunne gjøre en best mulig jobb med å finne egnede kandidater, oppfordrer vi kommunene til å sende oss en henvendelse så snart som mulig dersom det er behov for det.

Vi vil da kontakte medlemsorganisasjonene våre for å finne mest mulig egnede kandidater som kan bidra til å realisere lovens bokstav om at *«menneske med nedsett funksjonsevne blir sikra open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne»*.

Med vennlig hilsen**Funksjonshemmede Fellesorganisasjon Hordaland**

Leder av brukermedvirkningsutvalget

Jan Gunnar Øvretvedt

Leder av SAFO Vest

Kjell Inge Bringedal